



MØTEPROTOKOLL

Utval: Forvaltningsutvalet
Møtestad: Voldsfjorden, Rådhuset
Dato: 05.12.2017
Tid: 13:00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Magnar Sunde	Leiar	AP
Øyvind Festø	Nestleiar	MDG
Lina Marie Bjørkedal	Medlem	SP
Margrete Trovåg	Medlem	AP
Åshild Vik	Medlem	SV
Erlend Koppen	Medlem	KRF
Magny Astrid Fylling	Medlem	KRF
Sindre Kvangarsnes	Medlem	FRP
Sindre Rotevatn	Medlem	H

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Jørgen Vestgarden	Utviklingsjef – rådmann i møtet
Torgeir Stensø	Planleggar PS 86/17
Regine Solberg Aklestad	Planleggar PS 87/17
Kjell Magne Rindal	Eigedomssjef OS 19/17
Edvin Løfoll	Teknisk sektor PS 90/17

SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 84/17	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 85/17	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte
PS 86/17	Nye vegnamn, øvre Rotset, offentleg ettersyn
PS 87/17	Bygningsmiljø og estetisk rettleiar - dokument til høyring
PS 88/17	Gbr 19/1006 - oppføring av to tomannsbustader -



VOLDA KOMMUNE

Kårstadvegen 12 Dispensasjon frå plan.

- PS 90/17 **Framlegg til vedtak om brøyting av vegen i Aldalen**
- PS 89/17 **Orienteringssaker**
- OS 19/17 **Orientering frå Eigedomsavdelinga - status for dei nedlagde skulebygga**

PS 84/17 Godkjenning av innkalling og sakliste

Handsaming:

Innkalling:

Ettersendte dokument 1. desember:

Framlegg til vedtak om brøyting av vegen i Aldalen.

Det var ingen merknader til innkallinga.

Sakliste:

Leiar Magnar Sunde kom med framlegg om å sette ettersendt sak vedk. brøyting i Aldalen, på saklista.

Røysting:

Innkalling og sakliste, med tillegg frå leiar Magnar Sunde, vart samrøystes godkjent.

PS 85/17 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

Handsaming:

Røysting:

Møteprotokollen frå sist møte den 21.11.2017 vart samrøystes godkjent.



PS 86/17 Nye vegnamn, øvre Rotset, offentlig ettersyn

Administrasjonen si tilråding:

1. Forvaltningsutvalet vedtek å leggje følgjande namn på vegparsellar i området øvre Rotset ut til offentlig ettersyn:

- *Torvbanken*
- *Åkometeigen*

Handsaming:

Sakshandsamar Torgeir Stensø svara på spørsmål frå forvaltningsutvalet.

Jørgen Vestgarden kom med slik endring i tilrådinga frå administrasjonen:

Åkometeigen vert endra til Nausthaugane.

Notat frå administrasjonen vedk. endring av vegnamn vart delt ut i møtet.

Sindre Kvangarsnes kom med alternativt framlegg til Nausthaugane:

Oppkometeigen

Røysting:

Torvbakken vart samrøystes vedteken.

Det vart røysta alternativt mellom tilrådinga frå administrasjonen (Nausthaugane) og framlegget frå Sindre Kvangarsnes (Oppkometeigen). Tilrådinga frå administrasjonen fekk seks røyster og vart vedteken og framlegget frå Sindre Kvangarsnes fekk tre røyster (Sindre Kvangarsnes, Magny Fylling og Øyvind Festø) og fall.

Vedtak i Forvaltningsutvalet - 05.12.2017

2. Forvaltningsutvalet vedtek å leggje følgjande namn på vegparsellar i området øvre Rotset ut til offentlig ettersyn:

- *Torvbanken*
- *Nausthaugane*



PS 87/17 Bygningstiljø og estetisk rettleiar - dokument til høyring

Administrasjonen si tilråding:

Formannskapet vedtek å sende dokumentet «Bygningstiljø og estetisk rettleiar» for Volda sentrum ut til høyring og offentleg ettersyn.

Handsaming:

Sakshandsamar Regine Aklestad orienterte om saka.

Leiar Magnar Sunde kom med framlegg om at formannskapet vert endra til forvaltningsutvalet.

Røysting:

Tilrådinga frå administrasjonen, med endringar frå Magnar Sunde, vart samrøystes vedteken.

Tilråding i forvaltningsutvalet - 05.12.2017 til formannskapet

Forvaltningsutvalet vedtek å sende dokumentet «Bygningstiljø og estetisk rettleiar» for Volda sentrum ut til høyring og offentleg ettersyn.

PS 88/17 Gbr 19/1006 - oppføring av to tomannsbustader - Kårstadvegen 12 Dispensasjon frå plan.

Administrasjonen si tilråding:

Med grunnlag i justert byggesøknad/situasjonsplan datert 20.10.2017 vert søknad om dispensasjon frå planføresegnene for gesimshøgde, utnyttingsgrad, og garasjestorleik godkjent.

Handsaming:

Jørgen Vestgarden opplyste om skrivefeil i tittelen på saka. Rett tekst skal vere:

Gbr 19/1006 – Oppføring av to tomannsbustader – Kårstadvegen 12. Dispensasjon frå plan.

Røysting:

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.



VOLDA KOMMUNE

Vedtak i forvaltningsutvalet - 05.12.2017:

Med grunnlag i justert byggesøknad/situasjonsplan datert 20.10.2017 vert søknad om dispensasjon frå planføresegnene for gesimshøg, utnyttingsgrad, og garasjestorleik godkjent.

PS 90/17 Framlegg til vedtak om brøyting av vegen i Aldalen

Administrasjonen si tilråding:

Volda kommune stenger vegen til Aldalen ved starten for normale vintertilhøve og opnar vegen til påske året etter. Opninga vert anten til bom i Aldalen eller heile vegen over, dersom værtilhøva tilseier det og Ørsta kommune gjer same vedtak. Dersom grunneigarar ønskjer at vegen skal brøytast, må kostnader til dette dekkjast av grunneigarane sjølve.

Handsaming:

Sakshandsamar Edvin Løfoll svara på spørsmål frå forvaltningsutvalet.

Saka vart ettersendt til forvaltningsutvalet 01.12.2017.

Røysting:

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Vedtak i forvaltningsutvalet - 05.12.2017:

Volda kommune stenger vegen til Aldalen ved starten for normale vintertilhøve og opnar vegen til påske året etter. Opninga vert anten til bom i Aldalen eller heile vegen over, dersom værtilhøva tilseier det og Ørsta kommune gjer same vedtak. Dersom grunneigarar ønskjer at vegen skal brøytast, må kostnader til dette dekkjast av grunneigarane sjølve.

PS 89/17 Orienteringssaker



VOLDA KOMMUNE

OS 19/17 Orientering frå Eigedomsavdelinga - status for dei nedlagde skulebygga

Eigedomssjef Kjell Magne Rindal orienterte om sju skulebygg, som ikkje har kommunal drift. Forvaltningsutvalet vil få dette attende som politiske saker første halvår 2018.

Forvaltningsutvalet bad eigedomsavdelinga om å avklare prinsipielle spørsmål kring avhending av skulebygga, i forkant av politisk handsaming.

Møtet slutt kl. 14:05

Rett utskrift,
Volda kommune, servicekontoret
05.12.2017

Sonja Håvik
førstekonsulent